



Gode Lionsvenner

Så er første månaden i Lionsåret 2020-2021 snart over. Tida fyk fort. Eg håpar at alle er friske og at de har hatt ein fin sommar så langt. Først vil eg takka for tilliten de har vist meg og det er med litt skrekkblanda fryd eg tar over som Distriktsguvernør i dette flotte distriktet vårt .

Får berre sei som Pippi Langstrømpe sa: "Det har eg aldri gjort før, så det klarer eg heilt sikkert". Eg er takknemleg for at eg har så mange dyktige Lions med meg i styre og råd. Det gjev meg forventningar om at dette skal bli eit godt Lionsår for både klubbar, sonar og distrikt.

Å koma i gang igjen

På grunn av Covid-19 så har me vore gjennom ei vanskeleg og annleis tid. Mange aktivitetar er avlyste eller lagt på is. Koronaviruset blir me nok ikkje kvitt med det første. Følgjer me gjeldande reglar for smittevern, så har eg stor tru på at det skal gå bra å driva klubbane i året som kjem. For enkelte kan det nok vera tungt å koma i gang. Ta gjerne kontakt dersom klubben har det slik. Alle medlemmer har eit ansvar for at klubbmiljøet er godt og for at aktivitetane blir utført på ein god og trygg måte. Hugs at det er mange som treng oss i Lions, både her heime og ute i verda.

Presidenttreff

Distriktet sitt "kick off " er i år, som alltid, presidenttreffet. Dette går av stabelen første helga i september på hotell "Park Inn" på Karmøy. Fredag 5. september er det styre- og rådsmøte. Presidenttreffet startar laurdag 6.september klokka 12 med felles lunsj og blir avslutta med lunsj på søndagen. Hotellet tek smittevern på høgste alvor, så me kan kjenna oss trygge der.

I tillegg til klubbresidenten og kanskje også visepresidenten så hadde det vore kjekt om andre medlemmer også kunne finna dette interessant. Det fullt mogeleg å vera med på laurdagen for dei som måtte ønskja det. Då vil Generalsekretær Hroar Thorsen, halda innlegg om blant anna organisasjonen vår og rapportering i MyLion. Styreleiar i Lions Aid Norway (LAN) , Svein Berntsen, vil orientera om nytt hovudprosjekt som startar opp i Uganda. Representant frå hovudkomiteen i "Lions Røde Fjær" vil vera der for å informera og motivera . Etter å ha hatt mykje opplæring dei to siste åra, så ser eg at kunnskap og informasjon om denne flotte organisasjonen vår er både viktig, inspirerande og motiverande. Eg har stor tru på at dette blir ei nyttig og lærerik helg. Det i tillegg til hyggeleg samvær med andre Lions frå heile distriktet.

Det vil bli sendt ut påmelding og meir informasjon om presidenttreffet til klubbanne i førstninga av august. Alle er hjarteleg velkomne.

Fokus og nokre mål for Lionsåret

| | |
|--------------------|--|
| Klubbane | Tar opp igjen aktiviteten etter "dvalen" me har vore inne i |
| Medlemsvervning | Halda oppe medlemstalet i Distriket |
| MyLion | Rapportering og synleggjering av alt det gode me gjer i Lions |
| Opplæring | Kursing av tillitsvalde og andre medlemmer |
| Nytt hovudprosjekt | Alle klubbane er med og bidrar |
| Lions Røde Fjær | Alle klubbane deltek i aksjonen så me når målet på kr 50 millionar |
| Campaign 100 | Vera med å bidra så LCIF når målet sitt på 300 mill USD |
| Lojalitet | Vera lojal og ha respekt for alle vedtak fatta på demokratisk måte i organisasjonen. |

Visjonen vår

Lions skal vera Noregs beste humanitære serviceorganisasjon.

Skal me få til det me seier me skal gjera, må klubbar, sonar, distrikt og Lions Norge samarbeida og trekkja i same retning. Eg ønskjer at alle blir med, løftar og synleggjer den humanitære innsatsen og det gode arbeidet som blir gjort i denne organisasjonen me er ein del av og som me er stolte av å være medlemmer i.

Lions handlar først og fremst om å gjera ein forskjell for dei som treng det. Det me får igjen er så uendeleg mykje meir og så mykje større. Det er gleda av å kunna bidra og vera eit medmenneske. Me seier at Lions er gode venner som hjelper andre, men det er også viktig å ta vare på kvarandre.

Helge Marvin Sagvåg til minne

Sist veke kom den triste meldinga om at Helge Marvin Sagvåg, Distriktsguvernør i tidlegare 104D, var gått bort etter lengre tids sjukdom. Helge hadde eit stort hjarta og eit ekte engasjement for Lions. Han var mellom anna president i LC Stord-Fitjar i to periodar. Deretter var han medlem i LC Halsnøy. Minna om Helge er mange og gode. Dette sitatet er Helge sine kloke ord.

"Ein vill ide kan bera frukter, - berre han kan temjast - og trua på han er sterk nok"

Samarbeid

Eg håpar og trur at me skal få til eit godt samarbeid i året som kjem. Eg ser fram til gode og positive opplevingar saman med engasjerte lionsmedlemmer. Skulle det oppstå utfordringar, så ta kontakt. Eg er stort sett alltid tilgjengeleg både på e-post: c.dg@lions.no og telefon 90796747. Lykke til med Lionsåret 2020-2021 og hald deg gjerne oppdatert med å sjekka lions.no innimellan.

Beste lionshelsing frå
Gunnhild Rein Almås
Distriktsguvernør 2020-2021



